

Statusrapport Prosjekt- og utviklingsmidler for 2016

Sterk, spenstig og klar (Ref #aac8cee3)

Søknadssum: **600 000**

Varighet: **Treårig**

Periode: **Søknaden gjelder andre prosjektår**

Saksnummer: **2013/459**

Opplysninger om søker

Organisasjonsnavn / nr

Hordaland fylkesbibliotek / 974556669

Postboks 7900

5020 Bergen

Institusjonens leder

Ruth Ørnholt

Ansvarlig kontaktperson (søker)

Ruth Ørnholt

55239370/95913398 / ruth.ornholt@hfk.no

Mål for prosjektet

Innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya biblioteklokale og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet. Biblioteka i Hordaland skal systematisk og planmessig bli betre i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova. Partnerskap mellom dei regionale samarbeida og fylkesbiblioteket skal styrkast i prosjektet.

Statusrapport

Prosjekt- og utviklingsmidler for 2016

Start- og sluttdato for prosjektet

Prosjektvarighet	Fra dato	Til dato
Treårig	01-01-2014	31-01-2016

Statusrapport

Delprosjekt 1: Modellbibliotek

1) Meland og Lindås bibliotek sitt prosjekt Praksisfelleskap får prosjektmidler frå NB. Fysisk endring av hovudbiblioteka er del av dette prosjektet. Innsats:

a) Statusmøte. b) 58 dagsverk til brikking av bøker i 2014/2015.
d) Kompetanseutviklings-planane for dei tilsette er ein viktig del av praksisfelleskapet, noko av opplæringa blir gitt av fylkesbiblioteket. 2) Modellbibliotek i 2015 er Granvin, Sund og Langevåg filial på Bømlø. Dei har hatt behov for ulik støtte. Granvin får nye lokale og blir del av eit kulturbygg kalla Kulturbanken. Det blir venteleg opning før nyttår. Biblioteksjefen, som er ufaglært og i 50% stilling, får mykje oppfølging. 3) Det har kome fem søknader til «årets modell 2016». Tre bibliotek vil bli valt ut etter politisk handsaming.

Prosjektet finansierer konsulenttenester i samband med ombygging og innreiing av biblioteka. Tilskot på kr 100.000 til kvart modellbibliotek går over fylkesbiblioteket sitt budsjett. Interesse for å søkje om å bli modellbibliotek har auka.

Delprosjekt 2: Auke tal på besøk og arrangement

1) Friluftslivets år 2015. Fylket løyvde 50.000 kr kopla til fysisk aktivitet, natur-, kultur og litteraturopplevingar. Midlane blei nytta til: a) Turne med Samuel Massie for ungdom. 8 kommunar tok mot tilbodet, og det var over 500 deltakarar på arrangementa. b) Støtte til tilskipingar i samarbeid med turlag og andre frivillige organisasjonar i kommunane. 9 bibliotek har fått tilskot til 14 ulike arrangement. 2) 150-årsjubileum for Hans E. Kinck etter initiativ frå Kvam kommune og med støtte på kr 20.000 frå Folkeakademiet. Fylkesbiblioteket har produsert ei utstilling og ei førestelling for ungdom. Det blir 10 framsyningar i 6 bibliotek/skular hausten 2015. Utstillinga er til no tinga av 10 bibliotek

Fylkesbiblioteket sitt arbeidet med å utvikle produksjonar kopla til regionale og nasjonale jubileum og markeringar har blitt godt mottatt i biblioteka og har medverka til ei auke på nesten 100% i tal på arrangement i biblioteka frå 2012 - 2014. Auke i tal på frammøtte er på over 50%. Sjå vedlegg 1.

Delprosjekt 3: Profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag.

1) Biblioteka sine nettstader er hovudkanal for profilering 2) Kurser i Facebook og mediekontakt har ført til at bibliotek i fylket som ikkje hadde det frå før, har fått Facebook-sider. Kurser blei evaluert med ei spørjeundersøking. Deltakarane som svarte, sa at dei nytta Facebook meir aktivt i profilering og formidling etter kurset - og at dei hadde kontakta media i fleire saker enn før. 3) På kurset 23 mobile ting lærer ein å ta i bruk verktøy til profilering og marknadsføring av bibliotektenester. 4) Planlegging av profilering av e-media i samarbeid med reklamebyrå er igangsett.

Delprosjekt 4: Digital formidling og innhaldsproduksjon.

1) Ny mal for biblioteknettstad er utvikla i Wordpress. Nasjonale bibliotektenester er integrerte, som "bokanbefalingar" (Deichmann), e-boksøk, lokalhistoriesøk og katalogsøk i BIBLIOPIL (Webløft). 2) Biblioteka i Os, Vaksdal og Voss lanserte nye nettstader våren 2015 basert på malen. 3) Wordpress plugin for visning av "bokanbefalingar", som alle WP-sider kan nytte, blir lansert i november 2015. 4) Samnanger får ny nettstad basert på malen i 2015. 5) Omlegging av felles

Statusrapport

Prosjekt- og utviklingsmidler for 2016

nettstader i Sunnhordland og Hardanger er under planlegging.

Delprosjekt 5: Kompetanseutvikling

Frå oktober 2014 til oktober 2015 har det blitt arrangert i alt 22 kompetanseheevande tiltak med over 350 deltakarar retta inn mot dei ulike delmåla i prosjektet. Sjå oversyn i vedlegg 2.

Evaluering

Det er arbeidd med statistiske grunnlagsdata, slik at ein kan måle utvikling og endringar kvart år.

Vi ønskjer å auke fokus på profilering siste prosjektåret og søker difor om auke i tilskot på kr 100 000. Søknadsbeløp: kr 700 000

Statusrapport Prosjekt- og utviklingsmidler for 2016

Budsjett

Søknadsbeløp fra Nasjonalbiblioteket 600 000

Utgifter

Beskrivelse	1. prosjektår	2. prosjektår	3. prosjektår	Totalt
Modellbibliotek	500 000	570 000	600 000	1 670 000
Kompetanseutvikling	150 000	150 000	150 000	450 000
Arrangement	225 000	290 000	250 000	765 000
Digital formidling og innholdsproduksjon	382 365	230 000	200 000	812 365
Profilering	150 000	150 000	200 000	500 000
Evaluering	0	0	30 000	30 000
Totale utgifter	1 407 365	1 390 000	1 430 000	4 227 365

Inntekter

Beskrivelse	1. prosjektår	2. prosjektår	3. prosjektår	Totalt
Tilskudd fra Nasjonalbiblioteket	600 000	600 000	700 000	1 900 000
Fylkeskommunen (bekreftet tilskudd)	500 000	400 000	430 000	1 330 000
Kommunane (bekreftet tilskudd)	200 000	300 000	300 000	800 000
Restbeløp Bibliotekladskap i endring (bekreftet tilskudd)	82 365	0	0	82 365
Grunlovsjubileet-bidrag frå HFK (bekreftet tilskudd)	25 000	0	0	25 000
Frluftslivets år - bidrag frå HFK (bekreftet tilskudd)	0	50 000	0	50 000
Folkeakademiet/Kinck-jubileet: Arrangement/utstilling (bekreftet tilskudd)	0	40 000	0	40 000
Totale inntekter	1 407 365	1 390 000	1 430 000	4 227 365

Vedleggsoversikt

Beskrivelse

Auke i besøk og arrangement

Kompetanseutvikling